



Røysterett for Alle talde 30 koristar i kyrkja i kveld. Då mangla det berre tre faste medlemmer.

Blandakoret Røysterett for Alle skuffar ikkje sitt publikum, heller ikkje i kveld med ein variert og innhaldsrik førjulekonsert i Uskedal kyrkje. Eit nær på fulltalig kor, dyktige solistar og gjester og ikkje minst ein inspirerande og trygg musikalsk leiar, då er grunnlaget lagt for det som truleg er den beste julekonserten i år. For den som ikkje hadde høve til å få dette med seg, ja, då er Ølve kyrkje plassen neste torsdag, 13. desember.

Det ligg god regi og planlegging bak ein konsert med 20 innslag gjennomført på ein og ein halv time. Etter informasjon og opningshelsing av Brit Hjetland gjekk konserten på ein prikkfri måte med ro og verdighet. Lyssetjinga i kyrkja skapte stemning, jamvel om mannsstemmene delvis stod i myrke. Lyssetjing er vanskeleg. Ei justering gjorde at andleta kom litt betre fram.

Røysterett for Alle er på det jevne eit godt kor med god balanse mellom stemmene. Mannsrekka talde 9 koristar, fem på bassen og fire på tenoren. Så mange menn bør det vera då kvinnetalet er over 20. Tenorstemma er den i kveld som kunne lagt på noko meir styrke. Klangen er god og Maria Malmsten har den evne til å få det beste ut av koret når det gjeld som mest.

Konserten hadde eit mellomspel med syd amerikansk inspirert musikk. Einar Steinkopf er klassisk gitarist. Han er som alltid stødig og god på Cavatina frå filmen Hortejegeren og Preludios Americanos. Enno betre vert det då familien Steinkopf/Malmsten framførte Black Orpheus frå filmen Orpheu Negro. Fridar Malmsten Steinkopf på saxofon hadde fleire sentrale innslag i konserten. Det same må vi sei om Frode Kaldestad på klaver.

I to avdelingar syng Røysterett for Alle 13 songar, alle med mange vers. Alt dette vert framført på minne utan hjelp av tekst og notar. Noko er rett nok kjend stoff for koret, men mykje er nytt og for mange ukjend stoff. Det var artig å høyra framføringa av Sov no Maja mor, ein russisk folketone, arrangert av Henning Sommero og med Haldor Tveit på accordeon. I den kalde vinter med tekst av Kari Bremnes er ein sikker vinnar i kveld. Så vart det også den som vart ekstranummeret.



Einar Steinkopf, klassisk gitarist, framfører Cavatina frå filmen Hjortejegeren.

Ein konsert av dette formatet hadde fortent eit større publikumstal enn dei 60 som hadde funne vegen til kyrkja i kveld. Så skal vi ta med at det er mange julekonsertar i desember i mange bygder. Alt neste sundag kjem den tradisjonelle julekonserten i Uskedalen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Tor Edvard Taranger



Familien Steinkopf/Malmsten i ei glitrande framføring av Black Orpheus. F.v: Maria Malmsten, Einar Steinkopf og Fridar Malmsten Steinkopf.